



IDRETTSRÅD

RADØY

5938 SÆBØVÅGEN

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Uttale vedk. budsjett for Radøy kommune 2015

Radøy idrettsråd har nyleg handsama fordelinga av kommunale tilskot til vedlikehald av anlegg og av kulturmidlane. Som vanleg er under dette arbeidet, får idrettsrådet mange meldingar frå dei ulike laga om at særleg utgiftene til vedlikehald er store og aukande. Anlegga er bygde opp av laga sjølve, etter stor dugnadsinnsats, og ein ynskjer sjølvstøtt å halda dei i best mogleg stand. Dette kostar og me kan kort presentera nokre tal frå 2013 for å illustrera dette.

I Grønålen brukte Manger IL omlag 30000 kroner på vedlikehald av bane og klubbhus. Hordabø idrettslag brukte heile 244000 kroner på vedlikehald og straum på Hordabø idrettspark, og Radøy idrettslag brukte omlag 102000 kroner på drift og vedlikehald av anlegga på Sletta og i Austmarka.

At dette merkast godt i klubbane sin økonomi er heilt klart, og det må jobbast mange dugnadstimar for å halda anlegga i god stand.

Laga har og etter måten store utgifter til halleige. Manger IL betalar omlag 50000 kroner og Radøy skyttarlag 40000 kroner for å nytta lokala i Radøyhallen. Radøy IL hadde i 2013 omlag 30000 kroner i utgifter til leige av lokale. Når me veit at rådmannen vil føreslå ein auke i leigesatsane i Radøyhallen, ser me at utgiftene for laga vil auka.

Laga i kommunen er svært glade for den støtte som kommunen gir. Bortsett frå ein auke i vedlikehaldsmidlar i budsjettet for 2012, har støtten frå kommunen lagt på omlag same beløp i ei årrekke. Radøy idrettsråd har dei siste åra bede om at desse midlane vert auka litt kvart år, men sidan 2012 har det ikkje skjedd. Idrettsrådet ber difor om følgjande i samband med budsjettet for 2015;

***- Det vert lagt inn ein auke i tilskotet til vedlikehald av idrettsanlegg på 10 % og ein auke i kulturmidlane på 6 %.***

Austmarka, 04.11.2014

Jostein Borlaug  
nestleiar

Bjørn Ove Myking (s)  
leiar